




Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 466/9 - Brattaule - veg til hytte - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 25.04.2022. Saka gjeld søknad om etablering av veg over gnr. 466 bnr. 5,6 til eksisterande hytte på gnr. 466 bnr. 9. Eigedomen ligg i område for innanfor LNF-spreidd bustad i kommuneplanen for tidlegare Radøy kommune. Det er naudsynt med dispensasjon frå LNF-formålet.



Situasjonsteikning



Illustrasjon

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Den omsøkte vegen vil i hovudsak gå over areal som i marklagskart er registrert som skog inkludert myr med sær høg bonitet på gnr. 466/5,7. Så vil vegen krysse over eigedom 466/6 der det er registrert både fulldyrka mark, overflatedyrka mark og skog før den kjem inn på eigedom 466/9 der arealet også er registrert som skog med sær høg bonitet. Vegen skal vere om lag 150 meter lang.

Ein fritidsbustad treng i utgangspunktet ikkje køyreveg. Det er opplyst at hytta vart oppført i 1929 og har dei siste tiåra stått ubrukt. Det er no ønske om å renovere hytta til dagens standard, og ein ny tilkomstveg vil vere ein fordel. Statsforvaltaren har forståing for at ein veg vil vere praktisk, men vil likevel peike på at ein ikkje har krav på køyreveg til ein fritidsbustad. Tiltaket vil omdisponere skog og



dyrka mark i ei lengde på om lag 150 meter. Det er eit nasjonalt mål og omdisponere så lite dyrka mark som mogleg.

Kommunen må vurdere både landbruk og landskapsverknader av tiltaket. Det er også viktig å vurdere om ein dispensasjon i saka kan få verknad for andre saker i kommunen. Det kan liggje ein god del eldre hytter i kommunen som kan ønske vegtilkomst. Mange slike saker kan tilsidesette kommuneplanen som styringsverktøy jf. pbl. § 11-6.

Statsforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN